

Sakspapir

| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
|-------------------|------------------------------|------------|
| Alf Magnar Strand | FA - J00, FA - A20, FA - A10 | 14/754 |

| Saknr | Utval | Type | Dato |
|----------|---------------|------|------------|
| 087/2014 | Formannskapet | PS | 20.10.2014 |
| | Kommunestyret | PS | |

Tilsyn etter Forskrift om miljøretta helsevern - Nordbygda skule

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret tek rapporten frå Miljøretta helsevern til orientering.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Miljøretta helsevern hadde tilsyn ved Nordbygda skule 28.04.2014. Skulen vart ikkje godkjend. Kommunestyret vart gjort kjend med vedtaket i møtet 19.05.14. Grunnen til at skulen ikkje vart godkjend er at det ikkje er tilfredsstillande luftutskifting i den eldste delen av skulen. Inneklimaet er ikkje tilfredsstillande og skulen har ikkje gode lufterutinar.

Fakta/Vurdering

Det vart lagt opp rør til ventilasjon i dei eldste delene av skulen då ein bygde nytt tak i 2010. Det som no står att er sjølve ventilasjonsanlegget. Det er kostnadsrekna til kr 2500000 og er prioritert etter Matre skule og Sandnes skule. I rapporten vert det òg peika på at mange takplater i den eldste delen av bygningsmassen har fuktskader og at store deler av skulen, både inne og ute, ber preg av å vera sliten og treng vedlikehald.

Konklusjon

Med det store investeringsbehovet på kommunale bygg som me har, vil det ikkje verta sett av midlar til nytt ventilasjonsanlegg på Nordbygda skule i 2015. Ein må difor nokre år leva med at skulen ikkje er godkjend etter Forskrift om miljøretta helsevern. Me må gjera jamlege målingar slik at me ser korleis luftkvaliteten er. Skulen må laga rutinar for god utlufting og følgja desse.

Formannskapet - 087/2014

FS - behandling:

Ordfører Karstein Totland gikk gjennom saka.

Saka vart drøfta.

Røysting:

Framlegget frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret tek rapporten frå Miljøretta helsevern til orientering.